



Vinje kommune



VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDSORDNINGA I VINJE KOMMUNE

2012 / 2013



VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDSORDNINGA I VINJE KOMMUNE

1. Formål

SFO skal vera eit omsorgs- og fritidstilbod utanom den vanlege skuledagen for barn i 1.-4.årssteg. Verksemda skal vera prega av leik og sosial læring.

2. Eigartilhøve og styring

Vinje kommune er eigar og drivar av SFO.

Rektor: skulesjef / oppvekstsjef på kvar skule er pedagogisk og administrativ leiar.

Styringsorgana i skule / barnehage er styre for SFO.

3. Opningstid / feriar

SFO er open inntil 5 d/v i tida 07.30 – 16.30.

SFO fylgjer barnehageåret (stengt jole-, nyttårseftan, dei 3 siste heile vekene i juli og 37,5 timar pr. år som er sett av til planlegging og samarbeid for dei tilsette).

Barna skal ha 4 veker ferie pr. år. 3 av desse vekene skal takast i samanheng.

Skulen kan samarbeide med barnehagen for å gje tilbod i feriane.

4. Talet på barn

Minste tal på barn i SFO knytt til ein skule er 4. Ligg SFO i barnehagen, kan det vera færre.

5. Bemanning

Norma for bemanning er 1 vaksen pr 10-13 barn.

6. Betaling

SFO blir driven med inntekter frå staten, kommunen og foreldra.

Betalinga blir kravd inn etterskotsvis for 10 månader i året.

Det skal betalast for heile dagar i feriane.

Dei som kjøper dagar i ferien, betalar etter rekning månaden etter. Påmeldinga er bindande og dannar grunnlag for fakturering.

Dei som kjøper enkelttimar / - dagar, betalar etter rekning kvar månad.

Haust- og vinterferie er med i det vanlege tilbodet utan ekstra betaling. (Hugs påmelding)

7. Opptak

Søknadsfrist blir kunngjort i februar / mars.

Søknad sendast til Vinje kommune.

Rektor: skulesjef / oppvekstsjef er ansvarleg for opptak.

7.1. Opptakskriteria (prioritert rekkjefylgje):

7.1.1. Barn med funksjonshemming m.m.

Krav om dokumentasjon skal leggjast ved søknaden.

7.1.2. Barn av einslege foreldre i arbeid eller utdanning.

7.1.3. Barn som har baa foreldra i arbeid eller utdanning.

7.1.4. Dersom ikkje alle søkjarane kan få plass, får yngre barn plass framfor eldre.

7.2. Opptaksperiodar:

- ◆ Hovudopptak gjeld for eitt skuleår om gongen.
- ◆ Ved ledig kapasitet, kan SFO ta imot barn utanom dei som er fast påmelde.
- ◆ Foreldra avtalar dette seinast dagen før.
- ◆ Oppseiing av plass – skriftleg med 1 månads oppseiingstid.

7.3. Alternative tilbod for påmelding (foreldrebetaling):

Berekning av foreldrebetaling blir endra frå 1.1.2005.

Timetalet på småskulesteget har fleire gonger blitt utvida. Frå hausten 2004 auka timetalet med 5 timar i fulldelt barneskule, og det er meldt om vidare auke til neste år. Skulane har lagt desse timane på ulike årssteg. Nokon av skulane har ein stuttare dag, andre har lengre dagar og avspaserar ein dag annankvar, tredjekvar eller sjette kvar veke, eller dei har fridag i periodar.

Det blei såleis vanskeleg å bruke dei gamle betalingssatsane.

Fast avspaseringsdag blir ikkje trekt frå ved fakturering, så elevane er frie til å nytte SFO tilbodet dei dagane.

8. Plassering

Ved Edland, Rauland og Åmot skular er SFO lagt til skulen. Skulefritidsordninga er plassert i barnehagen ved Vinje og Øyfjell oppvekstsenter

Vedtekne i kommunestyre 19.12.96 (K-sak 156/96).

Punkt 5 blei endra i OVU 15.02.2012 i sak 12/10.

Satsar frå 01.01.07 (jf. K-styre vedtak 06/76)

Pris pr time:	kr 16,-
50 % syskenmoderasjon	
Friplass etter same vilkår som friplass i barnehagen	
Kjøpedagar	kr 30,- pr time
I feriane	kr 144,- pr dag

Matpengar til sjølvkost

Satsane kan bli justerte i samband med budsjetthandsamingane.